# Menighetsbladet

Nr 4 - 2020 • Ringebu prestegjeld • 76. årgang





Ringebu


Fåvang


Venabygd

# Juleandakt 2020

Foto: Liv Torhild Braathen



Solveig Fiske
Hamar biskop

Har du sett lyset fra et nyfødt lite menneskebarn? Sett øynenes lys og hjertets jevne slag? Kjent hvordan ditt eget hjerte banker av kjærlighet og du blir berørt av det vesle barnet som gir, bare ved å være til. Du har kanskje også opplevd hvordan møtet med den vesle gir retning, for en håpets veg inn mot framtida.

Det siste året har vært og er preget av Covid-19. Mange har kjent på uro, ja også frykt og angst for dagen i dag og morgendagen. Alle lurer vi på hvordan framtida vil bli.

Det har vært vanskelig å holde avstand. Særlig krevende har det vært for dem som har vært på sykehus og ulike helseinstitusjoner og deres nærmeste. Å ikke kunne ha besøk gir både en følelse av ensomhet og sorg.

Hverdagen med covid-19 viser oss hvor sammensatt livet er. Vi har fått en djup erfaring og erkjennelse av at vårt felles ståsted er livets sårbarhet.

Jeg tenkte på dette da det var kirkejubileum i Tingelstad gamle kirke, St. Petri nå i sommer. Der er det en kopi av det gamle alterfrontalet, med Himmeldronninga. Maria med krone og barnet i hendene. Barnet stryker sin mor ømt på kinnet og sier slik at Gud, kom med nåde og kjærlighet.

Fra Maria på alterfrontalet i St. Petri dirrer sangen om tro, mot og tydelighet på Guds vilje om rett og rettferdighet. Når alle har samme Skaper og opphav så har vi også medansvar for hverandre, i det nære men også ute i verden.

Å følge etter det lille barnet som vi feirer i jula, er å våge å gå inn i nye ukjente landskap, ut fra evangeliets grensesprengende kraft til å åpne livets kilder og framtidshåp for alle mennesker.

Gud kommer til jorda vår som et lite barn, og kanskje er det nettopp fordi Gud vet hva det er å være liten, at Gud også vet hva oppgjør med ødeleggelse er.

Sammen med mennesker over hele jorda, hører vi og lever vi i juletonen som har klangbunn av eksistensiell ensomhet. Lindringa kommer som glimt av å høre til i noe som er stort, større enn oss sjøl.

Vi aner, gjenkjenner og tror på Jesusbarnets livgivende og trøstefulle nærvær midt iblant oss. Kristi kjærlige lys holder oss fast, i sannhet og håp for livet her og i evigheters evighet. Sammen med folk over hele verden synger vi derfor om fred på jorden, om barnet som er født og håpets lys som er oss gitt.



***Velsignet julehøytid ønskes dere alle!***



*Det restarurerte alterfrontalet i St. Petri (gamle Tingelstad kirke) i Hadeland og Land prosti. Fotokred: Mårten Teigen/ Kulturhistorisk museum.*

# Min salme – «Gud du er rik». Norsk salmebok nr. 713

*Tekst: Olaf Hillestad 1967, melodi: Thomas Haweis 1792/Samuel Webbe d.y. 1808.*

Min salme er denne gang valgt ut av Elna Nordrum.

**Gud, du er rik! Din godhet er stor,**
**din miskunnhet tar ikke slutt.**
**Du nærer og styrker din kirke på jord**
**og leger når håpet er brutt.**

**Du gav din sønn! I ham ble vi skapt**
**til gjerninger båret av tro.**
**Du frelste i kjærlighet det som var tapt,**
**og bragte nytt liv til å gro.**

**Vi er ditt verk! Du eier oss, Gud,**
**med alle de goder vi har.**
**Du byr oss forvalte dem etter de bud**
**du gav oss, vår Skaper og Far**

**Styrk da vår tro! Tenn håp i vårt sinn,**
**fyll hjertet med kjærlighet varm!**
**Så går vi frimodig til tjenesten inn**
**i ly av din utstrakte arm.**

# FRi Gospel takker



FRi Gospel takker alle som tok lodd på basaren til inntekt for Star of Hope!

FRi Gospel ønsker også å takke for alle de flotte gevinstene som kom inn, både fra handelsstanden i Ringebu, fra kormedlemmer og andre. Trekningen ble foretatt lørdag 21.november kl.11.00 av styret i FRi Gospel og med 10 andre korsangere som vitner.

Vi måtte dessverre avlyse selve basararrangementet på grunn av strenge koronarestriksjoner. Liste over vinnere henger inne på Ungdomssenteret i Ringebu.

Det kom inn i alt 29.180 kr til Star of Hope. Dette er penger som kommer til stor nytte for utsatte barn og familier.

Star of Hope takker FRi Gospel som avholdt basaren og for pengegaven.

# TREKNINGSLISTE – Prestegardens venner sin basar 2020

| Gevinst | Giver | Vinner |
|---|---|---|
| Måltid for 2 pers. | Venabu | Eva Nilsen |
| Valgfri lunsj for 2 pers. i Villrein Cafe &bar | Spidsbergseter | Kari Nordberg |
| Poteter | Jostein Tromsnes | Marit Spidsberg Paulsrud |
| Poteter | Lars K. Skjeggestad | Frank Solbakken |
| 6 brett m/egg(1 brett pr trekning) | Jon Einar Høystad | Olaug Widme,<br>Lillian B. Pedersen,<br>Unni L. Tagestad,<br>Anne Aaby 2 stk,<br>Herman Luka |
| Foto | Ingolf Bones | Anne Aaby |
| Foto | Ingolf Bones | Anne Spidsberg |
| Foto | Stig Nymoen | Hans Eberle |
| Bilde | Hilde Skibenes | Heidi H. Myhre |
| Forkle | Kreative Døler | Hans Eberle |
| Vase | Klart Glass,Tjura i Grue | Berit Aamo |
| Litografi av Grete Berge | Aaby | Hans Eberle |
| Kjeramikkskulptur"Presten og Menigheten" av Gry Bjørnerud | Arnfinn Aasen | Harald Midsund |
| Broderi i ramme | Edith Skjeggestad | Anne Marie Sandvold |
| Hårklipp | Kari & Camilla | Aksel Bjørnstad |
| 2 gavekort på Feelgood | Anny Langrusten | Grethe Stakston – Jon Valde |
| "Om boller,brød og tilfeldigheter fra bakeriet i Lom" | Norli Ringebu | Marit Spidsberg Paulsrud |
| Branntepe | Byggern Fåvang | Bodil Spidsberg |
| Tuppervare | Audny Korssletten | Kirsti Myrhaug |
| Hodelykt,refleksvest,ryggsekk,strømkutter | If skadeforsikring | Adrian Wiik Luka |
| Lampe | Horten elektriske | Berit Aamo |
| Fruktkorg | Coop Extra Fåvang | Åse Marie Jelstad |
| Fruktkorg | Kiwi Fåvang | Kari Wimmer |
| Fruktkorg | Rema 1000 | Steinar Myklebust |
| Fruktkorg | Bunnpris | Anne Marie Sandvold |
| Gavekort kr 300,- | Gausdal Land | Gunnveig W.Jacobsen |
| Målband 50m,bok(Gausdal lands historie) | Gausdal Land | Kari Tromsnes |
| Gavekort kr 300,- | Sport 1 H.Dalberg | Marit Spidsberg Paulsrud |
| Gavekort kr 500,- | Tinde | Erlend Borgedal |
| Gavekort kr 300,- | Tunet kro | Sigrid dahl Korssletten |
| Gavepakke verdi kr 629,- | Ikon frisør Fåvang | Knut Hansen |

**Det kom inn 33 400 kr**

**Takk til alle som bidrog med gevinster og til alle som kjøpte lodd!**

# *Konfirmanter Ringebu stavkirke 13. sept. 2020*



*1. rad f.v.: Linnea Øverlie, Kine Kristine Eriksen, Anette Foss, Emilie Syrten, Ine Lien Pålsøygard, Caroline Lien Beitdokken, Ida Marie Karlstad Vestad, Thea Ødegård Træet, Elise Sofie Meiningen Randsted, Astrid Rønningen. 2. rad f.v.: kapellan Gustav Søberg, Astrid Sæteren Segelstad, Mette Bergum, Emma Sikle Mathisen, Lars Alexander Marstein Tybring, Erik Alexander Engum, Melvin Bråten, Ola Dalbakk, Eskil Hagen, Geir Storli Bjørnland, Madikken Nordvold-Moen, Idun Skovgaard Brønmo, Rosi Bawi Tha Pen, menighetspedagog Inger Melbø Strangstad. 3. rad f.v. Martin Morken Kvernes, Even Granlien Ånsløkken. Foto: Inge Asphoug.*

# *Konfirmanter Fåvang kirke 6. sept. 2020*



*1. rad f.v.: kapellan Gustav Søberg, Tiril Anette Sylte, Liva Knuts Hauge, Frida Tromsnes, menighetspedagog Inger Melbø Strangstad. 2. rad f.v: Iver Thulien Braastad, Sigurd Riste Kristiansen, Thomas Bjørge, Kristen Kaurstad, Johan Bjørge, Knut Ola Skogen, Marcus Andre Stenumgård Godlien. Foto: Inge Asphoug.*

# Konfirmanter Venabygd kirke 20. sept 2020



*Bakre rad fra venstre: Lars Rudihagen, Even Rudihagen.*
*Foran kapellan Gustav Søberg. Foto: Inge Asphoug.*

## Har du behov for å snakke med noen?

I Ringebu finnes det flere frivillige som veldig gjerne tar en telefon for å prate litt, hvis du ønsker det. For mange eldre blir dagene lange på grunn av smittervernrestriksjoner som gjør at vi må være mest mulig hjemme. I et samarbeid mellom Ringebu kommune, Nærmiljøsentralen og VilMer vil vi legge til rette for at de som har behov og ønsker det kan få noen å snakke med. Tjenesten er gratis, og alle telefonvenner har taushetsplikt.

Den frivillige gir ikke råd eller veiledning knyttet til spørsmål om helse, men vil gjerne snakke med deg om andre ting som opptar deg og dere.

Når samfunnet åpner mer opp og vi igjen kan møtes, vil tilbudet utvides til mer flere aktiviteter og opplevelser for eldre hjemmeboende.

**Ta kontakt her:**
Nærmiljøsentralen på Ringebu telefonnummer 61 28 02 60 hverdager mellom kl.10.00-14.00
VilMer kontakt@vilmer.no

**Meld deg på vårt nyhetsbrev**
**Følg oss på Facebook**

vilmer

## Turforslag i adventstida

Denne andventstida anbefaler vi alle, store og små, å ta turen til vinduet ovenfor ungdomssenteret. Her har vi laget et julevindu hvor du kan få se både Josef, Maria, Jesusbarnet, engelen Randi, sauen AlBæææert og mange av vennene hans. Dette er vårt bidrag i en travel adventstid, til en liten stopp og påminning om hva jula egentlig dreier seg om.



I vinduet er det ganske mange stjerner. Vi utfordrer deg til å telle dem og sende en sms til Inger menighetspedagog med navn og antall stjerner. Gjør du det før 22.desember, blir du med i trekningen av en overraskelse.

# Spanskesjuka, ein global pandemi 1917-1920



Tekst:
Liv Jorunn Braastad

Vi nærmar oss eit årsskifte,"pandemi-året" 2020 er snart historie, men korona- pandemien er framleis med oss. Det er ikkje første gongen landet vårt blir råka av pandemi, ein sjukdom som gjer folk sjuke verda over. Vi hugsar vel historiebøkene frå barneskolen med overskrifta "Det kom eit skip til Bjørgvin i 1349"? Etter overskrifta kom skildringane av pesten som la heile bygdelag og delar av byar øyde, og det vart nedgangstider og fattigdom i landet vårt.

Mindre kjent er kanskje spanskesjuka, eller "spanska" som gudbrandsdølane kalla sjukdomen. Spanskesjuka var ein svært alvorleg pandemi som herja verda i tidsrommet 1917-1920, og som kravde mest 20 millionar menneskeliv. I vårt land døydde ca. 15000 personar av denne sjukdomen. Fleire av oss som er eldre i dag har høyrt om pandemien, kanskje har vi nære skyldfolk som døydde. Men korleis kom sjukdomen til landet vårt, og korleis gjekk det med folk i bygd og by?

Det er ulike og usikre teoriar om korleis sjukdomen oppstod. Pandemien slo ut medan første verdenskrig pågjekk, og den gongen var heller ikkje kunnskapen om virus slik som i vår tid. Ein teori går ut på at det var soldatar i ein amerikansk militærleir som først vart sjuke, og amerikanske soldatar hadde sjukdomen med seg til Vestfronten. Dette blir benekta av forskarar som viser til at det store utbrotet av spanskesjuke hadde begynt på Vestfronten før amerikanske soldatar kom dit. Ein annan teori går ut på at viruset vart overført til folk frå gris og fugl. Soldatane ved fronten var mye under open himmel, og soldatane åt ein del svinekjøt. Andre forskarar hevdar at kinesarar som grov skyttergraver hadde viruset med seg frå Kina. Ein ting er i alle fall sikkert: Sjukdomen begynte ikkje i Spania, sjølv om det landet kom til å gi pandemien namn! Spania var nøytralt under 1.verdenskrig, følgeleg var det ikkje streng pressesensur i landet. I mai 1918 kunngjorde spanske myndigheiter at ein mystisk sjukdom hadde dukka opp i landet, og både statsministeren og kongen, Alfons XIII (1886-1941) var sjuke.



*Edvard Munch ble syk ved årsskiftet 1918/1919, antagelig smittet av spanskesyken. Da han begynte å bli frisk malte han flere selvportretter av seg selv som syk. Selvportrett i spanskesyken. Av Edvard Munch.*

Truleg kom dei første tilfella av spanskesjuke til landet vårt alt i april 1918. Det som blir kalla "sommarepidemien" fekk sitt første rapporterte tilfelle i hovudstaden 15.juni 1918, og i juli 1918 slo sjukdomen til for fullt. Forskarar meiner pandemien vart spreidd når folk reiste mellom ulike landsdelar, opphald på båt og jernbane gav rom for smittespreiing. Sommarepidemien slo hardast til i dei mest folkerike byane langs kysten, og i trafikerte og tett befolka senter i innlandet. Ein merka seg at feriefolk frå byane som hadde opphalde seg på hotell, jernbane og dampskip hadde lettast for å bli sjuke. Mange isolerte bygde- og øysamfunn vart spara for sommarepidemien. Etter fire veker var smitten over på stader der folk hadde vore sjuke, men epidemien var slett ikkje over med dette: Både nasjonalt og globalt reknar ein at spanskesjuka hadde tre store epidemiar. I tillegg til sommarepidemien 1918 kom det både haust og vinterepidemiar det året. Vinterepidemien nådde toppen nasjonalt i mars 1919, men sjukdomen kom att fleire stader i landet vårt både i 1919 og i 1920. Desse lokale epidemiane kunne variere mellom lettare tilfelle og tilfelle med dødeleg utgang.

I Gudbrandsdalen var hausten 1918 kald og rå. Nord i dalen var det så kaldt at bygdene vart røyklagde for å berge kornet, og dette var ein av dei siste gongene at dette vart gjort. I oktober kom ei tung skodde som vara i fleire veker, samstundes som spanskesjuka spreidde seg i dalen. Mange meinte at det måtte vere ein direkte samanheng mellom verlag og sjukdom.

Først 15.oktober 1918 nemner Gudbrandsdølen

spanskesjuka. Under tittelen "Hele verden er spansk" vart det referert til sjukdomstilfelle i Sør-Afrika, i Sverige og i vår eigen hovudstad. Framleis er Stortingsvalet 1918 og nytt om verdenskrigen dei viktigaste sakene avisa tek for seg. Men den 26.oktober er det endringar. Gudbrandsdølen skriv om mye sjukdom i dalen: Det er gardar der alle, både brukarar og tenestefolk, er sjuke på same tid. Dokterane er overlessa med arbeid, og somme av dei er også sjuke og sengeliggjande. Den 31.oktober fortel distriktslegen i Ringebu at han har 16-18 timars arbeidsdag, og slik var det for fleire legar i dalen. Det var mange yngre, livskraftige personar som døydde, og dette gjorde inntrykk. Avisa Gudbrandsdølen kjende elles til Svartedauden og trekte fram likskapar mellom den og spanskesjuka, som no hadde fått namnet "svartdaudsjuka" på folkemunne: Folk vart brått hardt sjuke og sengeliggjande. Mange fekk høg feber og tala i ørske, og dei som døydde vart ofte mørke på leppene og i ansiktet. Det er forståeleg at legen i Ringebu fortel at situasjonen i bygda held på å bli "panikkartet". Heldigvis var det også mange som greidde seg gjennom krisa. Men medisin var det dårleg med. Folk prøvde seg med råd frå legen og gamle "husråd". Marcello Haugen rådde folk til å tygge og svelge 8-10 tørka einebær om dagen, og å gurgle halsen med avkok av malurt. Elles så hadde folk tru på å ha tjære på omnen. Det gav ei frisk lukt, og skulle desinfisere. Etter krav frå legar og andre måtte regjeringa bevilga brennevin til hjelp mot sjukdomen. I tida 5.november - 6.desember 1918 skulle kvar husstand få tildelt ei halvflaske brennevinkonjakk, akevitt eller whisky-til medisinsk bruk. Slett ikkje alle trudde at dette ville hjelpe mot spanskesjuka, og gøymde flaska til eit anna høve.

Den 2.november melde Gudbrandsdølen at sjukdomen hadde kulminert i byane, men bygdene var framleis hardt ramma. Fleire bygder hadde stengde skular, og den 19. november kom avisa med oppmoding til folk om at dei ikkje burde samle seg til hoppeutstilling og hestemarknad på Lillehammer.

Åra med spanskesjuke vart ei hard tid for mange nordmenn. Verst gjekk det ut over heimar der ein eller begge foreldra døydde, og då pandemien var over, var det mange foreldrelause barn i by og bygd. Svært mange heimar hadde mista noen av sine, og statistikken viser at det gjekk hardt utover gruppa med menn i alderen 20-40 år. Ser ein landet under eitt, var dødsprosenten høgast i tettbygde arbeidarstrøk. I ettertid meiner ein at dette hang saman med trongbudde hus med dårleg ventilasjon og dårlege sanitære forhold. Det kunne vere tronge hus på landsbygda og, men her var busetnaden meir spreidd, og truleg førte dette busetnadsmønsteret til at folk på landsbygda ikkje vart fullt så utsette for smitte.

Under spanskesjuka vart det også ein stor, offentleg debatt om ein skulle setje i verk førebyggjande tiltak. Tiltaka gjekk ut på å stenge skolar, kinoar og forskjellige forsamlingslokal for å hindre smittespreiing. Verknaden av dette varierte, men det såg ut som om tiltaka hadde størst verknad i område med spreidd busetnad.

Også i "vår pandemi-tid" har vi ulike debattar om tiltak og verknader. Men i dag har staten "pengar på bok", det er økonomisk stønad å få. Vi har eit godt utbygd helsevesen som gjer sitt beste for å gi hjelp til alle som treng det, og vi har politikarar som saman prøver å finne løysingar til beste for oss alle. Dette er eit resultat av erfaringar tidlegare generasjonar har gjort. Midt i ei pandemi-tid har vi mye å vere takksame for.

Kjelder:
Årbok for Gudbrandsdalen 1975, Ivar Teigum:Det året spanska for
Frå internett:
Tom Borza: Spanskesyken i Norge 1918-19
Store medisinske leksikon: Spanskesyken v/Svenn-Erik Mamelund

*Spanskesjuka fikk namnet "svartdaud-sjuka" på folkemunne.*

*Året med spanskesjuke vart ei hard tid for mange nordmenn.*

*Flere bygder hadde stengde skular.*


# Lions Ringebu-Fåvang Høstlotteri

LC Ringebu-Fåvang hadde 30. nov. trekning for sitt Høstlotteri som startet med loddsalg under ''Fårikåluka" lørdag 3. okotober. Senere har det vært salg fra stand på Kiwi, "dørsalg" og via Facebook siden strengere Coronarestriksjoner gjorde flere butikkstands umulig. På denne bakgrunn er vi svært takknemlige for et resultat på 7700 kr! Gevinstene hadde stor verdi i seg selv, så vi håpet at folk ville ønske å vnne.
Likevel sa de fleste at det primære var å støtte klubbens engasjement for å skape et bedre lokalsamfunn, for å styrke barn og ungdoms evne og vilje til å ta gode valg og for det Lions gjør for sårbare grupper. Vinnere har fått utdelt sin gevinst:

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. Håndstrikket, tovet pledd | Kirsten Dahl | 9. Munnbind | Reidun Hallum |
| 2. Håndstrikket lettovet ullpledd | Kari Dåland Lesjø | 10.Spill: Sinsemillom | Anne Sjølander |
| 3. Vognteppe, ull | Per Otto Kaurstad | 11. " " | Marit Listad |
| 4. Dobbelt linforkle | Tanja Korshaugen | 12. " " | Tuva Wålen Baardsen |
| 5. Grillvotter, lin | Vivian Haverstadløkken | 13. " " | Steinar Åsrud |
| 6. Barneforkle, applikert | Håvard Skjelle | 14. " " | Kari Skuthe Smestad |
| 7. Barnelue | Cathinka Baukhol | 15. " " | Per Bådshaug |
| 8. Hodebånd | Trude Førlandsås | | |

Vi er og svært takknemlige til dere som har strikket, sydd, vasket og tovet, gitt bort garn og spill slik at inntekten fra loddsalget ble netto resultat!
Tusen takk til alle dere godhjertede givere! Riktig god jul til alle innbyggere og gjester i bygda som har bidratt til at vi igjen kan fordele penger til stadig nye behov!

*LC Ringebu-Fåvang 30.11.2020 – Ved klubbmester Pål Wålen og sekretær Kari Smestad*

***Redaksjonen får ofte artiklar til bladet, noko vi set stor pris på. Denne gongen er det Per Åsmundstad og Elna Nordrum som har funne att stoff dei gjerne vil dele med lesarane. Lokalhistoria er ei sterk interesse hos Per. Ei fyldig kjeldeliste syner at han set seg godt inn i stoffet. Denne gongen har han skrivi om Prestbua ved Grøtørbekken. Elna er og ei aktiv dame, og ho er svært glad i salmeboka. Ho ikkje berre syng, men ho liker å lese i denne boka og. Elna har skrivi om Salmeboka vår, og redaksjonen takkar dei to for innlegga.***

*Eg vil gjera klårt for lesarane at namnet Ancher som vert brukt nokre gonger i innlegget, er skrivi på ulike måtar i kjeldestoffet han har brukt. Da blir det slik her og.*

Etter å ha lese dokumentarromanen frå 1700-talet: «Dorothea Anchers Krønike» av Eiliv Odde Hauge, Dreyers Forlag, Oslo 1970, kom eg over noko om sokneprest Bernt Ancher 1757-1812, som var i Ringebu som sokneprest 1788-1812, og som kunne høve for Menighetsbladet ein gong. I boka Ringebu frå 1928 av Ivar Kleiven, fann eg somt om denne presten som eg hadde gløymt, og som heller ikkje Arne B. Johansen fekk med i Hemgrenda 2001, da han skreiv om «Levende og døde langs Prestvegen». Slik er framlegget til ein liten artikkel:

# Prestbua ved Grøtørbekken

## «Anchers Minde!»

Av:
Per Åsmundstad

«Salig prost Anchers minde kan endnu med kjærlighet mindes av Ringeboes almue - lod her sætte et hus til beskyttelse for den reisende, men dette ble et rov for drengeaktig kådhet; i 1838 blev det bekostet igjen opsat av Vilhelm Fegth, pers. kapellan hos sogneprest Sommerfeldt ved Peder Lien av Sollien».

Denne innskrifta stod på ei tavle som hekk på vegga inni Prestbu'n som vart bygd opp ved Grøtørbekken nordafor Hirisjøen. Arne B. Johansen som skreiv om «Levende og døde langs Prestvægen» i Hemgrenda 2001 fann att grunnmuren til bua som var berre 4 ganger 3,2m stor utvendes, men det fanst ikkje att trerestar lenger. Prestbuhøgda (1336 moh.) fekk namnet sitt av bua. Arne fann spiker og nagle i tufta. Bua gjekk ut av bruk for presten i 1862 da Sollia vart eige prestegjeld.



*Del av altertavlen i Sør-Fron kyrkje.*



*Portrett av presten Anker, malt av Frederik Pettersen.*

I Ringebukyrkja er det eit måleri av Bernt Ancher som var sokneprest i Ringebu frå 1788 og prest i Gudbrandsdalen frå 1790 til han gjekk bort i 1812. Måleriet av prost Ancher er laga av Frederik Petersen (1759-1825), født på Nistugun Segelstad som faren, Peter Sundsted (1732-99) og mora, Mali frå Sygard

Bjørge i Fåvang, åtte frå 1759 til 1767 da dei fløtte til Kastrud i Fåberg, heimbygda til Peter. Han voks opp hos gudfaren kaptein Claus Oldach på Trøståker og konfirmert i Ringebu. Som korporal stod han i rullane i åtte år.

Medan Peter Sundsted åtte og dreiv Nistu'n Segelstad, vart han helst kalla Peter Seielstad. Eldste sonen Frederik Petersen vart skaffa utdanning ved kunstakademiet i København i åra 1788-90, kosta av Noregs rikaste mann, Bernt Anker (1746-1805), etter tilråding frå den nære slektningen Bernt Anker, soknepresten og prosten i Ringebu. Rike skyldfolk er ikkje å forakte! Det kan au nemnast at altartavla i Sør-Fronskyrkja frå 1797 er måla av Frederik Petersen. Motiv: Kristus på korset med fire sørgjande personar.

### W. A. Fegth fekk oppatt ny prestbu.

Prestbua nord for Hirisjøen vart oppattbygt i 1838 etter initiativ frå Wilhelm Anton Fegth, personalkapellan og fyrste ordføraren i Ringebu 1837-53. Han vart ringbygging i 20 år, 1836-56. Deretter sokneprest i Beiarn i Nordland, utskilt frå Gildeskål som eige soknekall i 1856. Fegth rakk å bli ordførar i Beiarn au 1859-61 før han vart sokneprest til Alstahaug og prost i Nørdre Helgeland, ordførar her au 1868-70, busett på Stamnes prestegard. Omkom etter ei ulykke 67 år gamal i 1877. I Hemgrenda 2001 har Arne B. Johansen med eit foto av gravstøtta frå Stamnes kyrkjegard i Sandnessjøen over Fegth.

Ivar Kleiven i Ringebu-boka om Prestbua:

«B. Anker kosta opp ei litor stugu på fjeille millom Ringbu og Solli'n som folk kunn' få kvile ti hell komå onne tak ti for ovær. Ovørne gape' reiv ho ne, men soknely'n bygde ho opp att med desse tavlen på veggen «Anchers Minde» (Sjå starten på denne artikkelen).

Kjelder:
- Ivar Kleiven: «Ringbu» 1928. B. Ancher s. 50-51, W.A.Fegth s. 53
- Hemgrenda 1987: «Frå Prestbekken og Kaushagen til Beiarn i Nordland».
- Hemgrenda 2001: «Levende og døde langs Prestvegen».
- Hemgrenda 2011: «Peter Sundsted eller Peter Friderichsen…»
- Heim og folk, band 4 Vekkom: Bernt Ancher s. 278.
- Sør-Fron kyrkje 200 år 1792-1992 v/ Kåre Hosar s. 24

# Historien om Salmeboken

Av:
Av Elna Nordrum

**Det er en verdifull beskrivelse av Salmeboken vår.** Episoden har funnet sted for mange år siden, ukjent årstall. Men den er høyst aktuell nå i disse tider, da man diskuterer om det bør være kristendomsundervisning i skolen i det hele tatt.

Vi går mot advent og juletid – og ikke minst i disse koronatider, hvor Salmeboken kan være med å gi livet mening med glede og trøst – for tid og evighet.

### Sitat fra: «Salmeboken i kristendomsundervisningen»

Her kan anføres hva en av våre mest kjente forfattere for en del år siden skrev om Landstads salmebok. Et forlag hadde spurt en rekke norske forfattere hvilken norsk bok de holdt mest av. Forfatteren Johan Fredrik Winsnes svarte da:

«Den norske bok jeg holder mest av er Landstads salmebok. Det er den ærverdigste, for mellom ennå levende bøker går ingen som den til folket, til alt folket, med så urgamle tanker. Og den er den skjønneste av alle bøker på norsk språk, fordi den på samme tid er den naiveste og likevel den viseste. Både av religiøse, etiske og estetiske grunner holder jeg på den. Den er den beste bibelfortolker. Det er de nordiske profeters bok. Ingen annen bok har løftet så mange sinn, varmet så mange hjerter, trøstet så mange sørgende. Og den er boken for de store høytider. Rent litterært sett er den vår beste diktsamling, og der finnes i den de beste oversettelser fra fremmed poetisk litteratur, alt fra oldtiden av. Den har folkepoesiens ynde. Men den har også den beste kunstdiktnings edle kultiverthet over seg. Og tiden har dekket den med den herligste patina.

Den var fars og mors bok. Den var min barndoms bok. Den er boken fra mitt bryllup. Den skal bli min livsaftens bok. Og så merkelig er den at likeså visst som den bærer vår kulturs preg og er den mest norske bok, likeså sikkert er det, Gud skje lov, at ingen norsk bok har dannet og preget vårt folk som den».

Her er det på en vakker måte sagt hva verd og betydning Landstads salmebok har hatt hos oss;

Men det som er sagt om denne bok, gjelder til sist om enhver god salmebok. En god salmebok er framfor alle andre bøker – nest etter Bibelen – folkets beste bok.



# Lokalet – slik eg hugsar det



Tekst:
Olaug Widme

*Det er Høgvang i Søre Brekkom som var «lokalet» for meg; lokalet, med trykk på første staving og heretter med stor forbokstav. Det var berre eitt forsamlingshus i mi verd som unge. Det var Høgvang. Fjelltun i Nørdre Brekkom var ikkje «oppdaga» enda. Det kom seinare.*
*I denne artikkelen skriv eg litt av det eg hugsar om Lokalet frå eg var barn; tydeleg prega av eit barns tankar, undring og forstand. Eg er ikkje eingong sikker på at eg hugsar rett, men i mitt hovud er det slik. Noko har eg høyrt frå vaksne gjennom tida. Seinare fekk eg meir kunnskap om Lokalet. Erling Borgedal har forresten skrivi ein grundig artikkel om Høgvang i Hemgrenda år 2000, og det er eit samandrag i Ringebu heim og folk, Brekkom og Imsdalen.*

Det var strødd oppkutta eine på golvet, som det lukta av. Dørene var store oppover og doble, og det var utruleg høgt under taket, og folka som var der var gamle og hadde tørkle på hovudet. Dei hadde nok pynta seg, men dei hadde uklåre ansikt, bortsett frå tanta mi. Eg kan ikkje tidfeste første gong eg var der, men det kan ha vore på 17.mai-arrangement før eg begynte på skolen, for nokre karar, gamle dei og, hadde ansvar for å bera fana, og ho var tung. Da var det nok 17. mai. Dei som ikkje var så gamle, var mor og far og foreldrane til dei ungane eg kjente. Vi hadde flagg med oss, og mor hadde sletta på dei med strykejernet. Eg lurte på om det heitte flagg eller flagd. Heime sa vi flagd.

*Det var ekstra stas med musikken!*

Det var her toget starta frå når bussen med musikken var komen, og det gjekk både nordover bygda og sørover, i snøver og. Av og til var det salutt. Det var skummelt. Kvifor måtte dei finne på slikt? Eg leita i tankane mine for å finne grunnar til at det ikkje passa seg å lage desse drønna som folk vart så redde av at dei fekk hugguvondt. Kanskje det var sjuke folk ein stad, som måtte sparast for slikt? Det var det eg ønskte. Nokre gonger hadde nok den dynamittkyndige skjønt det, for da var det ikkje noko drønn, sjølv om ein høyrde godt etter. Det var ei lette, men da hadde ein alt brukt mange krefter på å tenkje på det.

Det var ekstra stas med musikken, for dei var flinke. Det var berre karar som kunne spele den gongen. Seinare var det gutar og. Dei var frå Fåvang. Ingen frå Brekkom. På plassen ute, der det nå er parkeringsplass, og litt bortetter vegen, var det leikar. Hoppe i strisekk og gå med potet på skei. Dumt å drive med slikt når ein hadde finkleda på seg. Ein kunne bli lortete. Inne var det servering, og ein eller annan heldt tale om noko. Da sat vi på benkerader eller stolar. Det var alltid nokon av dei vaksne som sa noko. Folk hadde kledd seg i festklede og hatt for å feire nasjonaldagen, og nye sko laga gnagsår, og ein var sliten når ein var ferdig.

*"Sputta ikkje på golvet! Hosta ikkje mot nogon!"*

Lokalet var samlingsstad for 17.maifeiringa da vi gjekk på folkeskolen, med unntak av ein gong vi var i Fjelltun. Slik var det så lenge det var eigen skulekrins i Brekkom. Lite visste ein at Lokalet med eine på golvet var frå 1914; like gammalt som far min. Eg tenkte vel ikkje over det før eg vart vaksen og fekk meir kunnskap om huset heller. Ein gammal smiubygning frå Losna Brug nedi Fåvang vart frakta oppover i 1913 og var starten for Lokalet.

På veggene var det kvite skilt med svart kant rundt. Der stod det: Sputta ikkje på golvet! Hosta ikkje mot nogon! Om dette var rett skrivemåte, skal eg ikkje garantere, men det var greitt kva ein ikkje skulle gjera. At dette var ein del av folkeopplysninga for å hindre spreiing av smittsame, dødelege sjukdomar, visste ein vel ikkje som unge. Å få ut kunnskapen der folk samlast, var like viktig da som nå. Veggene i lokalet var brukbare til det. Tæring og «spansken» hadde tatt livet av mange, og ny kunnskap om hygiene var heilt nødvendig. Desse skilta er borte, men vi treng påminning om hostehygiene i vår pandemi-tid og. Nå er det påbod om vasking av hender, 1 meters-regel og ålbogehosting som gjeld.

Borti Lokalet var det visst bøker og, men eg såg dei aldri. Seinare har eg forstått at Statens vandrebokkasse lånte ut bøker og hadde lagra dei der. Kanskje det var ungdomslaget som hadde utlånsansvaret? Eg er oppvaksen med ein onkel som las alt han kom over. På enkelte søndagar drog han oppover vegen med lange steg og sekk på ryggen. Vi ville vite kvar han skulle. Han snudde seg i fart: «Byte bøk», kom det stutt frå han. Låning av bøker var eit godt kulturtilbod mange sette pris på der det var lang veg til bibliotek.

Eit anna kulturtilbod må nemnast, og det var alle dei foredraga som var haldne der. Slik vart eg fortalt. Gode folketalarar vart engasjerte og snakka om aktuelle spørsmål i tida. Dette var noko folk likte, sveltefora som dei var på slikt, og møtte opp for å høyre. Dette var nok ein del av folkeopplysninga, slik som da nokre damer var der for å få fram at fisk var god og næringsrik mat. Opplysningskontoret for fisk, var det visst som reiste rundt, og seinare fekk vi vite at sjølvaste Ingrid Espelid var med der, men da var ho ikkje kjent som fjernsynskokke. Dette var nok viktig, for vi fekk fri frå skulen og gjekk dit og fekk fisk. Dei vaksne var der om kvelden.

Da mor var ung, var det kokkekurs der. Ho fortalde oss om det, og oppskriftsbøkene var ofte framme. Handskrivne. Når vi ungane hadde bruk for noko å teikne og krote på, var ledige blad frå bøkene klypte ut og brukt, om vi ikkje hadde noko anna. Nå kjenner ein lukt av mange års kjøkkenarbeid i dei.

Skuleskirenna var alltid på ein søndag. Dei var sikkert ved skulen med hopp og utfor på Sveajordet og avslutning på skulen og, men i hovudet mitt var avslutninga og premieutdelinga i Lokalet. Det eg hugsar, var ikkje premien eller plasseringa, men at dei vaksne av og til fann på at dei på død og liv skulle bera ein på gullstol! Kva var det godt for? Ei sann plage var dette.

Lokalet var brukt til religiøse møte av mange slag i min barndom. Frelsesarméen var der med fin sang og musikk. Dei var populære den gongen og er det i dag. Folk i alle aldrar gjekk på dei møta. Andre religiøse grupper var der, og etter som ein vart litt større, kunne ein gå dit utan følgje frå vaksne. Misjonsrørsla var sterk i bygda, og aktiviteten stor. Folk møtte opp på desse arrangementa. Det var ikkje så mye anna å gå på, og for store ungdommar var dette ein fin sjanse til å møte kvarandre. Ein kunne høyre Guds ord, og det var greitt, men det var ein heimveg og! Nokre av dei religiøse gruppene hadde meir spesielle ytringsformer enn andre. Dette var både skremmande og spennande og noko å prate om etterpå, men var vanskeleg å skjønne.

Det er både Veslesal og Storsal i Lokalet. Desse møta var oftast i den vesle. Enkelte gonger var det nok meir tyngde i arrangementet, og Storsalen vart fyra opp, for da kom det tilreisande leiarar frå foreingane sentralt. Dei kunne nok meir, og da var det meir program. Dei synte fram lysbilde frå framande land, med blomar og hudfargenyansar ein aldri hadde sett maken til. Dette var ei ny erfaring, men det frakkaste var når dei hadde med seg filmapparat med svart-kvite bilde. Ein gong vart filmen om Onkel Toms hytte vist. Det var ikkje ein snill film med greie folk. Det eg såg der var blodig urettferdig og gjorde eit inntrykk som aldri vart borte. Det var nesten skummelt i Lokalet da. Det var ikkje berre fordi det var ein kjøleg haustkveld da vi skulle heim at eg skolv. Eg var skikkeleg, godt gammaldags forbanna på desse feite plantasjeeigarane! Seinare lånte eg boka på skolebiblioteket. Som godt vaksen har eg skjønt at innhaldet i den boka har gjort størst inntrykk på meg av alt eg har lese, sjølv om eg ikkje hugsar ein einaste person. Starten for dette var i Lokalet.

Det hendte presten var der og på søndagar. Bibellesnad, kalla dei vaksne det. Simon Dahlen kom i ein viss fart rett før det skulle begynne. Han spente av seg kalosjane så dei for under benken rett innafor døra ved øvre veggen. Så var han klar. Folk hadde møtt opp, og han gjorde det han skulle. Det var lang kyrkjeveg frå Brekkom, så det var fint at kyrkja kunne koma til dit.

Så var det juletrefesten. I god tid før jul begynte vi å arbeide med underhaldninga. Alle klassar. Siste skuledagen før jul var det generalprøve, der ein skulle sjå korleis det såg ut. Den dagen var det ikkje lesing og skriving. Juletreet stod der lysande og skinande med lenker og glitter, korger og flagg da vi kom. Alt var nytt og ubrukt. Nokre foreldre hadde vel hogd treet, fått det inn og på fot og pynta det. Det nådde heilt opp i taket! Alle hadde pynta seg med julekleda sine. Nokre hadde fått heilt nye, medan andre hadde arva frå større søsken som hadde vakse ut av sine. Det med nye klede var litt rart. Kjolen kunne vera svært så fin heime, men når ein kom på juletrefesten, og alle var samla, så var ein kanskje ikkje så fin likevel. Ein eller annan skein meir enn ein sjølv. Om andre tenkte slik, visste eg ikkje.

Det er både Veslesal og Storsal i Lokalet.

Det hendte at Petrine Prestangen var tilkalla. Ho heldt andakt. Så var det gang rundt juletreet med dei yngste i inste ringen. Når vi skulle snu, vart det alltid litt ugreie om retningen. Nå kom det for ein dag om vi hadde lært songane godt nok. Orgelet var frakta på eit vis frå skolen til Lokalet. Hovde, læraren, spelte orgel, og han hadde med seg ei stor papp-plate for kvar julesong. Der hadde kan skrivi med stødig formskrift fyrste lina for kvart vers. Dette var ei god hjelp. Kom vi riktig i gang, så gjekk det bra. Hovde leia songen, og vi song.

"Onkel Toms hytte" gjorde et stort inntrykk på meg.

Medan vi gjekk rundt treet, begynte vi å grue oss for underhaldninga, for den kom etterpå. Det var ikkje før den var ferdig at ein kunne slappe av, men da var det meste over. Var du unge på 50-talet, var du ikkje akkurat klappa fram. Trening i å stå framfor folk å uttrykke noko var begrensa til leksehøyring ved pulten og så dette her. Det vi hadde øvd på, skulle nå framførast. Sjølvsagt var det ymse kvalitet på produkta, men det var eit snilt publikum. Dei yngste klassene var først ute med sitt. Lesing og kanskje song eller små rollespel stod på programmet. Alle gjorde så godt dei kunne. Det var alltid ei stor forventning til dei store elevane, for dei var flinkast. Om nokon kunne synge eller handtere eit instrument, var det stor stas. Magni Hovde kunne båe delane, og det var alltid like fint. Ho kunne songar vi hadde høyrt i radioen, ho! Dette kunne ingen andre nå opp til, men ein hadde eit ønskje om det. Dei store hadde artige sketsjar som vi lo av.

Etter servering og meir gang rundt treet, kom nissen. Kven som var nisse, skjønte vi ikkje. Vi prøvde å sjå oss om for å finne ut om ein eller annan var borte, men vi greidde det ikkje. Nissen fekk nok hjelp til utdelinga av ein vaksen. Appelsin var mye brukt, men ei tid var det posar med litt anna i. Sjokolade i sølvpapir. Var det nokon i Amerika som hadde gitt pengar til dette, tru? Det vart fort slutt på posane, så da var vel pengane oppbrukte. Når juletrefesten var over, og spenninga borte, kunne romjula rusle og gå som ho ville med ski, kjelke og «bekksom-sko.

# Gudstjenester julen 2020

Vi er inne i en spesiell tid, der corona-situasjonen styrer mye av våre liv, og setter begrensninger for våre aktiviteter. Slik er det også i kirken.

Julaften er en dag der mange har tradisjon for å gå i kirken. Vi som jobber i kirken har i lang tid lagt planer for dagen og gledet oss til å ønske velkommen til fullsatte kirker. Nå er situasjonen slik at vi dessverre ikke klarer å gjennomføre gudstjenestene slik vi ønsker.

Med de smittevernreglene som gjelder, ville det ha vært svært få det hadde vært plass til i kirkene. Vi har derfor forsøkt å finne alternative løsninger, og har endt opp med følgende program for julekvelden og romjula:

### 24. desember, julaften:

**Kl. 1200: Gudstjeneste i Venabygd kirke ved vikarprest Sigmund Jacobsen.**

**Kl. 1300: Gudstjeneste i Venabygd kirke ved vikarprest Sigmund Jacobsen.**

NB! Det er begrenset antall plasser i kirken og vi må derfor ha påmelding med navn og tlf.nr. på alle som ønsker å delta. Send SMS til tlf.nr. 902 45284.

**Kl. 1500: Drive-in gudstjeneste utenfor Fåvang kirke ved kapellan Gustav Søberg og vikarprest Sigmund Jacobsen.**
Dette blir en utendørsgudstjeneste på parkeringsplassen ved Fåvang kirke, der deltakerne kan følge gudstjenesten via FM-båndet i sin egen bil.

**Gudstjenestene i Ringebu stavkirke på julaften er dessverre avlyst!**

### 25. desember, 1. juledag

**Kl. 1100: Gudstjeneste i Ringebu stavkirke ved kapellan Gustav Søberg**

NB! Det er begrenset antall plasser i kirken og vi må derfor ha påmelding med navn og tlf.nr. på alle som ønsker å delta. Send SMS til tlf.nr.907 38508.

**Kl. 1300: Gudstjeneste i Fåvang kirke ved kapellan Gustav Søberg**

NB! Det er begrenset antall plasser i kirken og vi må derfor ha påmelding med navn og tlf.nr. på alle som ønsker å delta. Send SMS til tlf.nr. 950 77905.

### 27. desember, 3. juledag

**Kl. 1100: Gudstjeneste i Venabygd fjellkapell ved vikarprest Sigmund Jacobsen**

NB! Det er begrenset antall plasser i kirken og vi må derfor ha påmelding med navn og tlf.nr. på alle som ønsker å delta. Kontakt KIWI på Venabygdsfjellet eller send SMS til tlf.nr. 975 84043.

På gudstjenestene der det er påmelding, ber vi om at det skjer senest to dager før gudstjenesten skal gjennomføres.

***Så vil vi til slutt få ønske alle en riktig god jul!***

# Årsmøte i Venabygd fjellkapelllag

**Innkalling til årsmøte i Venabygd fjellkapellag**
Dato: Søndag 28.februar 2021
Tid: kl.12.00
Sted: Venabygd fjellkapell
*(Møtet begynner etter gudstjenesten kl.11.00)*

*Andelseiere innkalles med dette til årsmøte tilpasset gjeldende smittevernsregler.*

**Dagsorden**
1. Godkjenning av innkalling og saksliste.
2. Styrets beretning / årsmelding og regnskap.
3. Innkomne saker.
4.Forslag til stifting av "Venner av Venabygd fjellkapell".
5. Arbeidsplan og budsjett.
6. Valg av styre, valgkomité og eventuelt andre verv.

**Styret ønsker alle velkommen!**
**Tom Torkehagen, styreleder**
Mobil 959 72 800 E-post: tomtorkehagen@gmail.com
**Sigmund Jarle Jacobsen, fung.sokneprest**
Mobil 415 03 014 E-post: sigmundjacobsen@gmail.com

# Ny sokneprest!

Etter at soknepreststillingen i Ringebu, Fåvang og Venabygd har stått ubesatt i lengre tid, er det gledelig å kunne meddele at det nå er ansatt ny sokneprest!

Pål Arne Winsnes (61) har fått tilbud om – og har takket ja til stillingen. Han starter opp i begynnelsen av januar 2021.

Vi ønsker Pål Arne velkommen til oss, nærmere presentasjon kommer i neste nummer av Menighetsbladet.



# NYTT FRA MENIGHETSPEDAGOGEN

**Corona-viruset lager krøll for mye av arbeidet i trosopplæringen. Vi planlegger med smittevern og innenfor de reglene som gjelder til enhver tid og håper å kunne gjennomføre samlinger for både små og litt større.**
**Her kommer en oversikt over det vi inviterer til de første månedene i 2021.**



Inger Strangstad

STØRST AV ALT

## Babysang

Kirka i Ringebu starter med babysang! Det blir på ungdomssenteret onsdager i oddetallsuker (med unntak av ferier). Vi møtes kl. 10.30 til sang, dans, rim og regler, og det stilles ingen krav til sangstemme, hverken hos voksen eller barn. Etter sangstunden spiser vi formiddagsmat sammen. Pga. Covid-19 legger vi i første omgang opp til at alle har med seg matpakke, og så blir det servert drikke.

***Datoene frem til påske blir:***
**20.januar**
**3.februar**
**17.februar**
**17.mars**

Baby Sang

## Krøllegudstjeneste

10. januar inviterer vi til Krøllegudstjeneste i Fåvang kirke kl. 11.00. Denne dagen er alle barn som er født i 2018 spesielt invitert og vi skal få høre historien om sauen Krølle. De skal også få sin egen 2-årsbok denne dagen.




## Bibel til 4. og 5. trinn

Det er en lang tradisjon i Ringebu for å gi Bibler til elever på 5. trinn. Men i fjor ble den vanlige Bibelen byttet ut med en Aktivitetsbibel. Fra og med i år, er planen at denne utdelingen vil skje til de i 4. trinn og for å komme a-jour, vil vi nå invitere både 4 og 5. trinn til gudstjeneste med bokutdeling. Aktivitetsbibelen er en artig bok full av ulike oppgaver, så den gleder vi oss til å dele ut. Utdelingen vil foregå:

**17. januar i Venabygd kirke kl. 11.00**
**31. januar i Fåvang kirke kl. 11.00**
**7. februar på Ringebu ungdomssenter. 11.00**




## LYS VÅKEN

De av dere som er født i 2008 og 2009 er hjertelig velkomne til Lys våken på Fåvangfjellets sportskapell på Gullhaugen. Her skal vi leke, lage gudstjeneste, synge, utforske kirka, spise god mat og vi skal overnatte i kirka!!!
**Det er bare å glede seg til 20.-21. mars.**

## Familieonsdag

Andre onsdag i måneden er det familieonsdag. Her er både små og store velkomne til gratis middag, lek og søndagsskole på en onsdag. Samlingene er kl. 16.30 – 18.00. Vi varierer mellom å være på ungdomssenteret i Ringebu og Tromsnes selskapslokale i Fåvang. Følg gjerne familieonsdag på Facebook og gi en liten lyd om du kommer.

***Velkommen til Familieonsdag!***

**13. januar, Ringebu ungdomssenter**
**10. februar, Tromsnes Selskapslokale**
**10. mars, Ringebu ungdomssenter**

# VI STØTTER MENIGHETSBLADET

Har din bedrift lyst til å støtte Menighetsbladet og samtidig få profilering på denne siden, har vi fortsatt noe ledig annonseplass. Ta i så fall kontakt med redaksjonen på telefon: 61 28 43 50


GAUSDAL LANDHANDLERI
www.gaus.no
Telefon: 61 22 00 00

FJØSSYSTEMER
Bonden og dyrenes førstevalg

JØNNHALT GJESTESETER
www.jonnhalt.no • Tlf. 61 28 03 41

Lauritz Dalbakk
2634 Fåvang
Tlf. 61 28 24 10 / mob 976 82 410

RINGEBU BILRUTER
Etabl. 1918
Tlf. 488 66 066 - post@ringebubilruter.no

Ninas Blomster
Tlf. 61 28 05 15
ninas.blomster@interflora.no

Annis PØLSEMAKERI
RINGEBU
www.polsemakeri.no

Ringebu Frisørsalong
Dame - Herre
CAMILLA & KARI
TLF. 61 28 01 27

HYTTEDRØMMEN
Vi vet ikke hva du drømmer om, men bli inspirert på www.blåne.no
Blåne hytter
post@blanehytter.no, tlf. 612 84 300

Rob Optikk
2630 Ringebu, Tel: 61 28 08 70
e-post: postmaster@roboptikk.no

STENUMGÅRD BYGG AS
Telefon 61 40 03 70
Tromsnesvegen 37, 2634 Fåvang
post@stenumgardbygg.no

TUNET KRO
Tlf. 61 28 11 12 - www.tunetkro.no

Hallum Tak og Blikk AS
Blikkenslager - Fåvang - 46 66 01 39

Bademiljø
Asbjørn Nordsveen Fåvang AS
Tlf: 62 33 06 00 Mob: 903 63 137
Vakttelefon: 907 54 130

BORGEDAL BYGG AS
totalleverandør av byggtjenester
post@borgedalbygg.no
2634 Fåvang - Tlf.: 61 28 46 50

Måsåplassen – Friisvegen
Friisvegen Måsåplassen AS, 2630 Ringebu Norway
Email: post@friisvegen.no
www.friisvegen.no
www.visitruno.com
www.facebook.com/Ftmasaplassen
Telefon/phone: +47 99539110
Telefon/phone: +47 45043162

LEX-BUSSEN.no
Tlf : 047- 90 19 35 97

AREAL+
Planleggere og rådgivende ingeniører
2634 Fåvang - Tlf. 61 24 57 70
www.arealpluss.no

VENABU FJELLHOTELL
www.venabu.no • Tlf. 61 29 32 00

BORGEDAL BYGGSERVICE AS
2634 FÅVANG - 41 33 00 76 - 90 52 25 47

FÅVANG SAG
2634 Fåvang - Tlf. 61 28 44 00

Ringebu libris
2630 Ringebu
Tlf. 61 28 01 99 - ringebu@libris.no
www.libris.no/ringebu

KIWI mini pris
KIWI Ringebu • 61 28 05 19

VIKEN GARTNERI
2634 Fåvang - tlf. 61 28 46 02
www.vikengartneri.com

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s
2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50
www.dg-trykk.no

GIAX
GUDBRANDSDAL INDUSTRIER AS
www.giax.no • Tlf. 61 28 42 00

Borgedal Bilservice as
Tlf. 61 28 01 00

Borgen Handverk
Øvre Borgen - 2634 Fåvang
Tlf. 41 63 78 57 - E-post: rabor-h@online.no
Husflidshåndverker www.husflid.no

Tromsa frisør
Tone Amrud
TROMSNESV. 27 - 2634 FÅVANG
TELEFON: 92 44 55 38

Marits fotterapi
2630 Ringebu • Tlf. 480 02 652

HORTEN ELEKTRISKE AS
Autorisert tele- og elektroentreprenør
www.hortenelektriske.no
Gudbrandsdalsvegen 2090
2630 Ringebu - tlf. 61 28 16 40

Ringebu Begravelsesbyrå og Blomsterbinderi
Tlf. 61 28 27 57

FÅVANG ELEKTRO AS
Tromsnesvegen 23, 2634 Fåvang.
Tlf. 61 28 00 00
elkonor

JOHN LIEN
RØRLEGGERBEDRIFT
2630 Ringebu - Tlf: 900 74 845 - 61 28 44 88
Bademiljø
Medlem i Norges største rørleggerkjede

Blomsterverkstedet
Laila Bakken
Tlf. 90 85 61 97
Epost: blomster908@gmail.com

# DET SKJER

## Ringebu stavkyrkje med omland

Ringebu historielag skal hausten 2021 gje ut ei bok om stavkyrkja med omland, Prestegarden, Gildesvollen, Kirkenær, Kongevegen mm. Det er involvert ca. 15 ulike forfattarar for ulike tema. Redaksjon for boka er Jon Ødegård, Ringebu historielag, Einar Høystad, Ringebu Prestegard, Lars Smestadmoen, kyrkjeverge og Torveig Dahl, redaktør. Boka er eit samarbeid med dei tre institusjonane/organisasjonane.

Til boka, for ei mogeleg utstilling om kyrkjevangen – og for generelt å få fram meir kjennskap om kyrkja/området, ynskjer vi fotografi og annan informasjon om kyrkjegarden med utvidingar, hjelpekyrkjegarden på Gildesvollen, konfirmantsalen, stallane, stupulen, vegane gjennom området, endringar inne i kyrkja (ho var t.d. kvitmalt ein periode) mm. Dette er også aktuelt for ei mogeleg utstilling om kyrkjevangen.

Har du noko, ta gjerne kontakt med kyrkjeverge Lars Smestadmoen (kirkeverge@stavechurch.no, tlf. 907 38 508) eller Torveig Dahl (dahl.torveig@gmail.com, tlf 926 12 830).

## *God jul og godt nytt år*

***Fåvang menighetsråd, Ringebu sokneråd og Venabygd sokneråd vil ønske alle en riktig god jul og et fredfullt godt nytt år, og takker for året som har gått!***

# HEIM OG KYRKJE

### DØPTE

**Ringebu:**

| | |
|---|---|
| 06.09.20 | Emil Anstensen Løkken (døpt i Sør-Fron kyrkje) |
| 13.09.20 | Ella Sofie Moen Åsly |
| 13.09.20 | Hedvig Berge Isum |
| 04.10.20 | Erling Bjerke Stalenget |
| 11.10.20 | Kristin Johanne Stulen |
| 25.10.20 | Aane Tvete Bjørke (døpt i Sør-Fron kyrkje) |
| 25.10.20 | Nova Sofie Vestad |
| 25.10.20 | Olav Renold |
| 25.10.20 | Tiril Haugrud Borgedal |
| 25.10.20 | Leon Næss Gunderstuen |
| 29.11.20 | Noah Emilian Lossius Olafsen |
| 29.11.20 | Oline Flåtten Hagen |

**Fåvang:**

| | |
|---|---|
| 06.09.20 | Martin Leander Slåsletten |

**Venabygd:**

| | |
|---|---|
| 03.10.20 | Emil Aarnes Rudihagen (døpt i Venabygd Fjellkapell) |

### VIELSER

**Fåvang:**

| | |
|---|---|
| 31.10.20 | Sandra Engehagen og Thomas Philip Sedra |

### GRAVFERDER

**Ringebu:**

| | | |
|---|---|---|
| 16.09.20 | Helga Marie Kroken | f. 1940 |
| 16.09.20 | Reidun Marie Haverstad | f. 1937 (bisettelse) |
| 20.10.20 | Even Onshus | f. 1943 |
| 24.11.20 | Ingrid Margrethe Letrud | f. 1936 |
| 04.12.20 | Ingrid Odlo | f. 1945 |

**Fåvang:**

| | | |
|---|---|---|
| 18.09.20 | Espen Morkestykket | f. 1965 |
| 09.10.20 | Harald Myhrsveen | f. 1940 |
| 23.10.20 | Aslaug Løken | f. 1932 (bisettelse) |
| 02.12.20 | Ragna Aslaug Amundsen | f. 1930 (bisettelse) |

***Redaksjonen for Menighetsbladet vil takke alle som har bidratt med stoff til bladet i 2020, og vil samtidig takke for alle innbetalinger vi har mottatt i løpet av året. Vi vil ønske bidragsytere og lesere en riktig god jul og et godt nytt år med salmen***

## En krybbe var vuggen

*(Norsk salmebok nr. 56)*

En krybbe var vuggen som ventet ham her
det lille barn Jesus, vår Frelser så kjær.
Men stjernene lyste helt inn der han lå,
det lille barn Jesus, på leiet av strå.

Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.
Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.
Han kom fra Guds himmel, Gud selv var han lik,
men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.

Fra krybben til korset gikk veien for deg,
slik åpnet du porten til himlen for meg.
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,
så alle kan samles i himlen hos deg!

# Klokkene kaller til messe

## DESEMBER:

**20.12 4. søndag i advent**
1700 Ringebu Omsorgssenter, kapellan Gustav Søberg

**Julens gudstjenester:**
**Se eget program side 12!**

## JANUAR 2021:

**03.01**
1100 Ringebu U-senter, vikarprest Sigmund Jacobsen

**10.01**
1100 Fåvang kirke, kapellan Gustav Søberg

**17.01**
1100 Venabygd kirke, sokneprest Pål Arne Winsnes

**24.01**
1100 Ringebu stavkirke, sokneprest Pål Arne Winsnes. Krøllegudstjeneste for 2-åringer

**31.01**
1100 Fåvang kirke, sokneprest Pål Arne Winsnes. Utdeling av bibelbok for 5. klasse elever

## FEBRUAR:

**07.02**
1100 Ringebu U-senter, kapellan Gustav Søberg

**14.02**
1100 Venabygd kirke, sokneprest Pål Arne Winsnes

**21.02**
1100 Ringebu stavkirke, sokneprest Pål Arne Winsnes m.fl. Ordinasjonsgudstjeneste

**28.02**
1100 Venabygd Fjellkapell, sokneprest Pål Arne Winsnes
1900 Fåvang kirke, sokneprest Pål Arne Winsnes. Menighetens årsmøte

## MARS:

**03.03 (Onsdag)**
1900 Tromsafossen, sokneprest Pål Arne Winsnes og kapellan Gustav Søberg. Utegudstjeneste

**07.03**
1100 Linåkertunet, kapellan Gustav Søberg
1900 Ringebu U-senter, kapellan Gustav Søberg. Menighetens årsmøte

**14.03**
1100 Venabygd kirke, sokneprest Pål Arne Winsnes. Menighetens årsmøte

**21.03**
1100 Fåvangfjellets Sportskapell, sokneprest Pål Arne Winsnes. Lys våken

**28.03 Palmesøndag**
1100 Ringebu stavkirke, sokneprest Pål Arne Winsnes
1300 Fåvang kirke, sokneprest Pål Arne Winsnes

Med forbehold om feil og endringer. Se annonsering i GD.

## God julekveld

God matkos, nært. Husvaska!
Fin sang, juletreskinn.
Nissen fins!
Magiske Gud tett på, vi
vet!! Lyset i stjernehavet
var Han, som alt godt, kan..!

*Egil Mjogdalen*


# DEN NORSKE KIRKE
## Ringebu prestegjeld

| | |
|---|---|
| Gateadresse | Ringebu ungdomssenter, Jernbanegata 14 |
| Postadresse | Postboks 150, 2631 Ringebu |
| E-post | post@stavechurch.no |
| Internett | www.stavechurch.no |

**Kirkekontoret**

| | |
|---|---|
| Mandag – fredag kl. 9 – 12 | 61 28 43 50 |
| Kirkeverge Lars Smestadmoen | 61 28 43 50 |
| E-post: kirkeverge@stavechurch.no | |
| Kontorsekretær Unni L. Tagestad | 61 28 43 50 |
| E-post: sekreter@stavechurch.no | |

**Prestene**

| | |
|---|---|
| Kapellan Gustav Søberg | 61 28 43 57 |
| E-post: kapellan.ringebu@stavechurch.no | |
| Vikarprest Sigmund Jacobsen | 61 28 43 58 |
| E-post: sigmundjacobsen@gmail.com | |

**Privattelefoner**

| | |
|---|---|
| Kapellan Gustav Søberg | 979 58 199 |
| Vikarprest Sigmund Jacobsen | 415 03 014 |
| Kirkeverge Lars Smestadmoen | 907 38 508 |
| Organist Lena Gallatin Løsnesløkken | 902 30 755 |
| Men.ped. Inger Melbø Strangstad | 996 14 642 |

**Kirkene – kirketjenere**

| | |
|---|---|
| Ringebu stavkirke | |
| Jan Helge Jonhaugen | 902 50 496 |
| Fåvang kirke | |
| Nils Magne Mathisen | 902 89 136 |
| Venabygd kirke | |
| Odd Arne Furusæter | 975 07 976 |

**Soknerådene**

| | |
|---|---|
| Ringebu: Heidi Hovdhaugen Myhre, leder | 958 35 849 |
| Fåvang: Kari Hanne Rudrud, leder | 411 06 811 |
| Venabygd: Aud Marit Jordbruen Trelvik, leder | 902 45 284 |

**Ringebu kirkelige fellesråd**

| | |
|---|---|
| Øyvind Myhrsveen, leder | 415 10 320 |

**Redaksjonen for Menighetsbladet**

| | |
|---|---|
| Olaug Widme, olaugwidme@gmail.com | 480 68 441 |
| Liv Jorunn Braastad, lorbraa@online.no | 950 93 733 |
| Postadresse: Postboks 150, 2631 Ringebu | |
| Bankkonto for bladpenger: 2095 19 54471 | |

**Grafisk produksjon:**
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s, 2635 Tretten
Tlf. 61 27 73 50 - www.dg-trykk.no


Neste nummer av Menighetsbladet kommer ut ca. 25. mars 2021. Vi oppfordrer leserne til å bidra med stoff eller tips om aktuelle saker.

**Frist for innlevering er 5. mars 2021.**